



Saksdokument:

KM 09/17 Mandat Arbeidsgjevarutvalet

Mandat Arbeidsgjevarutvalet

Innstilling frå komité E

Samandrag av saksorienteringa

I denne saka vert Kyrkjemøtet sitt vedtak i sak KM 19/16 følgt opp. Det inneber at endeleg fastsettjing av mandat for Arbeidsgjevarutvalet vert lagt fram for Kyrkjemøtet til vedtak.

Kyrkjerådet oppretta Arbeidsgjevarutvalet på sitt møte i juni 2016, i same møte vart det vedteke eit mandat for utvalet. Arbeidsgjevarutvalet vart med dette raskt operativt, og har allereie handsama større saker som reservasjonsvedtak i høve statlege tariffavtalar i tillegg til prosess og innhald inn mot før-forhandlingane mellom arbeidstakarorganisasjonane og KA.

Mandatet som vert lagt fram for Kyrkjemøtet i januar 2017, er identisk med mandatet vedteke av Kyrkjerådet i juni 2016.

Kyrkjemøtet sitt vedtakspunkt om at tillitsvalde ikkje kan veljast til Arbeidsgjevarutvalet, er ikkje følgt opp i mandatet. Bakgrunn for dette kjem fram under saksorienteringa.

Komiteens merknader

Komiteen legg i hovudsak saksframstillinga til grunn, men har følgjande merknader:

1. Komiteen vil innleiingsvis – som ved tidlegare handsaming av spørsmålet om eit arbeidsgjevarutval (AGU) – peike på kva arbeidsgjevaroppgåvene i det nye rettssubjektet betyr. Både gjennom omstillingsperioden knytt til overdraging av verksemd og i etterkant av dette, vil det vere viktig med god kompetanse om arbeidsgjevarfunksjonar og høgt medvit om på kva nivå arbeidsgjevaroppgåvene i rettssubjektet Den norske kyrkja skal løysast.
2. Komiteen understrekar at Arbeidsgjevarutvalet må sjåast i samanheng med fordelinga av arbeidsgjevarfunksjoner elles i rettssubjektet Den norske kyrkja. Komiteen syner i den samanheng til kyrkjelova sine forarbeid:

«Det overordnede arbeidsgiveransvaret i det nye rettssubjektet vil etter departementets forslag ligge til Kirkemøtet. Kirkemøtet vil i hovedsak

ivareta dette ved å fastsette regler og budsjettmessige føringer (...), mens det vil være Kirkerådet som ivaretar utøvelsen av det sentrale arbeidsgjevaransvaret på Kirkemøtets og dermed rettssubjektets vegne» Prop. 55 L (2015–2016) side 30.

Vidare fastsette Kyrkjemøtet 2016 reglar som fordelte arbeidsgjevarfunksjonar til ulike organ i rettssubjektet Den norske kyrkja, slik som biskop og bispedømmeråd, jf. sak KM 04/16.

3. Komiteen syner til at AGU opphaveleg vart oppretta som eit midlertidig organ for å sikre ei forsvarleg ivaretaking av arbeidsgjevaroppgåver knytt til overdraging av verksemd. Kyrkjemøtet i 2016 vart bede om å gjere utvalet til eit fast organ, og det var foreslått at Kyrkjerådet skulle gi utvalet mandat. Kyrkjemøtet valte å opprette utvalet og ba Kyrkjerådet gi eit midlertidig mandat. Samtidig ba ein om at Kyrkjemøtet 2017 skulle få seg førelagt eit framlegg til permanent mandat. Arbeidsgjevarutvalet er i framlegget å forstå som eit fast utval innan Kyrkjerådet med ansvar for å utføre arbeidsgjevaroppgåver som ligg til Kyrkjerådet. Komitefleirtalet (16 medlemmer) sluttar seg til dette.
4. Komitefleirtalet (16 medlemmer) konstaterer at det mandatforslaget som no vert lagt fram er identisk med det midlertidige mandatet Kyrkjerådet ga utvalet sommaren 2016. Komiteen har sett behov for å nokre språklege justeringar for å tydeleggjere grenseoppgangen mellom AGU og Kyrkjerådet.
5. Komiteen konstaterer at det framlagte mandatforslaget er mindre presist når det gjeld AGUs samansetjing enn det opphavelege mandatet gitt av Kyrkjemøtet i 2014, utan at det ligg føre ei drøfting i saksframlegget om bakgrunnen for dette. I 2014 var det fastsett at AGU skulle vere samansett av Kyrkjerådet sin leiar, Kyrkjerådet sin nestleiar, preses og eitt medlem valt av og blant Kyrkjerådet sine medlemmer, samt at arbeidstakrar i Den norske kyrkja, med unntak av preses, ikkje kunne veljast som arbeidsgjevarrepresentantar. For å sikre dette, var det og presisert i regelverket at dersom Kyrkjerådet sin leiar eller nestleiar er arbeidstakrar i Den norske kyrkja, måtte Kyrkjerådet velje andre representantar og vararepresentantar til Arbeidsgjevarutvalet av og blant Kyrkjerådet sine medlemmer. Dette var for å sikre at Kyrkjerådet sin leiar, nestleiar og andre ikkje utan vidare skulle vere utestengt frå val til Kyrkjerådet sitt *Arbeidsutval*, som langt på veg var samanfallande med samansetjinga til *Arbeidsgjevarutvalet*. Punkt 3 i framlegget frå komitefleirtalet (16 medlemmer) er noko forenkla for å ivareta dette.
6. Komiteen viser til at Kyrkjemøtet i 2016 vedtok at personar med tillitsverv i aktuelle fagforeiningar ikkje kan vere medlem av utvalet. Eit fleirtal i komiteen støttar vurderinga frå Kyrkjerådet om at dette kan verte forstått som eit brot på organisasjonsfridomen.
7. Komiteen viser til at arbeidsgjevaroppgåvene er nye utfordringar for så vel Kyrkjemøte som Kyrkjeråd. Komiteen ser det naturlig at

organiseringa av rettssubjektet sitt arbeid med arbeidsgjevarspørsmål vert evaluert og vurdert etter ei tid.

8. Komiteen viser til at pkt. 4 i mandatet fastsett at reglar for Kyrkjerådet si verksemd leggjast til grunn for Arbeidsgjevarutvalet så langt det passar. Kyrkjemøtet har med heimel i kyrkjelova § 25 siste ledd gitt reglar 14. november 1997 nr. 1541 for Kyrkjerådet si verksemd. Dette regelverket inneheld sakshandsamingsreglar for Kyrkjerådet og regulerer mellom anna spørsmål om opne og lukka møte, vedtaksførheit og avrøystingar. Det er og enkelte element i regelverket, mellom anna om konstituering, som ikkje kan gjelde fullt ut etter sin ordlyd. Komiteen vil peike på at det er eit vanleg regelteknisk grep i slike tilfelle å leggje til at regelverket skal gjelde tilsvarende «så langt de passer».^[1] Komiteen finn det formålstenleg at Arbeidsgjevarutvalet i hovudsak følger sakshandsamingsreglar som gjeld for Kyrkjerådet, og støtter derfor dette framlegget.
9. Et mindretall i komiteen (3 medlemmer) finner det ikke riktig av Kirkemøtet å opprette et slikt Arbeidsgiverutvalg som er foreslått, der en utvalgt gruppe av Kirkerådet skal overta og utøve all arbeidsgivermyndighet som etter lov- og regelverk ligger til det samlede valgte Kirkeråd. Etter mindretallets syn bør Arbeidsgiverutvalget defineres som et underutvalg under Kirkerådet. Det er mindretallets oppfatning at mandatet i for stor grad legger overordnede beslutninger til en utvalgt del av Kirkerådet. Etter mindretallets syn ligger det til Kirkemøtet å gi overordnede arbeidsgiverpolitiske føringer, og til det valgte Kirkeråd å fastsette overordnede arbeidsgiverpolitiske retningslinjer. Komiteen mener at AGUs oppgaver bør være å arbeide fordypende med arbeidsgiveroppgavene, og slik være et særskilt kompetansemiljø og en premissleverandør for arbeidsgiverpolitiske spørsmål i rettssubjektet. Utvalget kan slik forberede og ta initiativ til utvikling av arbeidsgiverpolitikken i rettssubjektet, men etter mindretallet syn vil det være riktig at prinsipielle, overordnede beslutninger fattes av det samlede valgte kirkeråd. Mindretallet finner det uproblematisk at et formelt, kollegialt organ med ansvar for slike beslutninger også rommer ansatte i rettssubjektet. Mindretallet mener videre at utvalget også bør ha som mandat å fungere som et forhandlingsutvalg, som – sammen med ledelsen i Kirkerådets sekretariat – skal ivareta den løpende kontakten med KA - Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter, og i denne sammenheng også å fatte alle beslutninger i tariffmessige forhold som krever hurtig avgjørelse. Mindretallet mener at Kirkerådet kan utforme endelig mandat for utvalget i tråd med disse føringene, og legger fram et forslag til vedtak bygget på disse synspunktene.

Mindretalet sitt (3 medlemmer) framlegg til vedtak:

^[1] Se for eksempel Justisdepartementets veileder *Lovteknikk og lovforberedelse*, 2000, side 68.

1. Kirkemøtet fastslår at Arbeidsgiverutvalget skal defineres som et underutvalg under Kirkerådet. Det ligger til Kirkemøtet å gi overordnede arbeidsgiverpolitiske føringer, og til det samlede valgte Kirkeråd å fastsette overordnet arbeidsgiverpolitikk og retningslinjer på grunnlag av disse. Prinsipielle, overordnede arbeidsgiverpolitiske beslutninger bør slik flettes av det samlede valgte råd. Arbeidsgiverutvalgets oppgaver skal være å arbeide fordypende med arbeidsgiveroppgavene, og slik være et særskilt kompetansemiljø og en premissleverandør for arbeidsgiverpolitiske spørsmål i rettssubjektet. Utvalget skal forberede og ta initiativ til utvikling av arbeidsgiverpolitikken, og utvalget bør gis myndighet til å fatte avgjørelser i praktiske arbeidsgiverspørsmål og i arbeidsgiverpolitiske spørsmål som det ikke er naturlig å legge fram for det samlede Kirkeråd. Utvalget bør også ha som mandat å fungere som et forhandlingsutvalg, som – sammen med ledelsen i Kirkerådets sekretariat – skal ivareta den løpende kontakten med KA - Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter, og i denne sammenheng fatte alle beslutninger i tariffmessige forhold som krever hurtig avgjørelse.
2. Kirkemøtet ber Kirkerådet utforme endelig mandat for utvalget i tråd med disse føringene.

Framlegg til vedtak

1 Mandat for Arbeidsgjevarutvalet:

2 1. Formål

3 Formålet med Arbeidsgjevarutvalet er å utøve arbeidsgjevaransvaret som er lagt
4 til Kyrkjerådet.

5 2. Oppdrag/oppgåver

6 a) Arbeidsgjevarutvalet fastset arbeidsgjevarpolitiske føringer som er lagt til
7 Kyrkjerådet.

8 b) Arbeidsgjevarutvalet fastset løns- og personalpolitiske retningsliner som er
9 lagt til Kyrkjerådet.

10 c) Arbeidsgjevarutvalet initierer og gjev innspel til saker om endring av
11 arbeidsgjevarrelatert regelverk for Den norske kyrkja.

12 d) Arbeidsgjevarutvalet uttaler seg om eller tek stilling til tariffrelaterte og
13 tariffretslege spørsmål.

14 e) Arbeidsgjevarutvalet forvaltar medlemskapen i KA –
15 *Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter*.

16 f) Arbeidsgjevarutvalet godkjener framlagt forhandlingsresultat
17 (uravrøysting). I saker der forhandlingsresultatet overgår Kyrkjerådet sine
18 budsjettrammer, må sak vedkomande økonomiske konsekvensar leggjast fram
19 for Kyrkjerådet for budsjettrevisjon.

20 3. Samansetjing

21 Arbeidsgjevarutvalet har 4 medlemmer, valt av og mellom Kyrkjerådet sine
22 medlemmer. Arbeidstakrarar i Den norske kyrkja kan ikkje veljast som
23 medlemmer av utvalet. Preses er unntake dette.

- 28 **4. Reglar for verksemda**
29 Reglar for Kyrkjerådet si verksemde vert lagt til grunn for Arbeidsgjeverutvalet så
30 langt dei passar.
31
32 **5. Rapportering**
33 Protokollar frå møte i Arbeidsgjeverutvalet sendast Kyrkjerådet fortløpande.

komitéleiar

saksordførar